

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Svein Oftedal
Arkivsaksnr.: 18/1314 - 7

Arkiv: 144 Q52

Planlagt behandling:

Formannskapet

PARKERINGSSTRATEGI - KLEPPE SENTRUM - PRINSIPPAVKLARINGAR

Bakgrunn for saka:

I samband med behandling av kommunedelplan for Kleppe sentrum blei det i formannskapet vedteke eit avsnitt med slik ordlyd: «Hovudgrepet ... vil vera å utarbeida eigen parkeringsstrategi for sentrum, som tek utgangspunkt i lokale forhold, men som og tek opp i seg nasjonale og regionale føringar».

Avsnittet er eit supplement til temaet om at utbyggjarar kan kjøpa seg fri frå å byggja parkering og heller byggja felles parkeringsanlegg for dei som bur og dei som arbeider i sentrum. Parkeringsanlegg er i dag ein vesentleg kostnadsfaktor for nye sentrumsnære bustadar.

I planbestemmelsane i sentrumsplanen er det i dag eit krav om 2 biloppstillingsplassar pr bustad ved individuell parkering, og 1 biloppstillingsplass og 0,5 gjesteparkeringsplass pr bustad ved felles parkering. For kontor og næringsverksemd skal det vere maksimalt 2,5 biloppstillingsplass pr 100 m² næringsareal.

Regionalplan for Jæren er for tida under revisjon. I dette arbeidet er også parkeringsstrategi eit tema. Truleg vil sjølve strategien primært gjelda bymiljøavtalekommunane, men det kan tenkast at det også kjem fram moglegheit og krav som også gjeld dei andre kommunane i regionen.

Parkeringsundersøking

For å laga ein parkeringsstrategi har det vore nødvendig å få ei oversikt over korleis parkeringssituasjonen er i dag. Det har difor blitt gjort ei undersøking om parkeringsvanane i Kleppe sentrum. Det blei gjort ei fysisk teljing av bilar som parkerte ulike stader i sentrum, samt ei internettbasert spørjeundersøking om parkeringsvanar.

Undersøkinga ga ein rimeleg klar konklusjon:

«Parkeringsmønsteret i Kleppe sentrum synes å ha en klar todeling bruksmessig og geografisk. Man parkerer stort sett enten i kort tid rundt 1 time eller kortere i forbindelse med handel, eller man står over lang tid i forbindelse med en arbeidsreise. Arbeidsreise-parkeringen konsentreres om parkeringsplassen ved Rådhuset og ved helse- og omsorgssenteret «Sirkelen».

Tellinger av belegg som er gjort parallelt med denne undersøkelsen viser at det er relativt stort overskudd av parkeringsplasser på en normal hverdag og lørdag, Svarene knyttet til parkeringstilgang indikerer også at brukerne ikke opplever problemer med å finne parkeringsplass nær bolig, arbeidsplass eller målpunkt for besøk og handel».

I undersøkingsperioden oversteig aldri maksimalt tal på parkerte bilar meir enn 70% av kapasiteten på noko delfelt. Ved Jærhagen oversteig aldri talet på parkerte bilar meir enn 32% av parkeringskapasiteten.

Dei parkerande oppgir at det sjeldan eller aldri har problem med å finna parkeringsplass. Nokre tar til orde for at talet på parkeringsplassar bør reduserast fordi dei store parkeringsflatene gjer det lite triveleg å bevega seg i sentrum og av omsyn til miljø.

Retning i arbeidet med ein parkeringsstrategi

Før ein går vidare i prosessen er det viktig å få innspel frå formannskapet i kva retning arbeidet skal ta;

- Skal talet på parkeringsplassar reduserast for å frigi areal til andre føremål, eller skal talet på parkeringsplassar oppretthaldast av omsyn til handel og attraktiviteten til sentrumsbutikkane?
- Skal parkeringsflatene reduserast av omsyn til sentrumsutforming og eit triveleg sentrumsmiljø?
- Skal ein satsa på sambruk av parkeringsplassar for å frigi areal til andre føremål?
- Skal ein gå bort frå krav om eit minimum tal på parkeringsplassar for å redusera kostnaden ved bustad- og næringsbygg? Er bustadmarknaden i Klepp moden for prosjekt utan eigen parkering?
- Skal det strammast inn på talet parkeringsplassar for å gje signaleffekt om at «i Klepp sykklar og går me»? Betre folkehelse og reduksjon i klimagassutslepp.
- Skal parkeringsplassane effektiviserast/relokalisert slik at dei sentrale områda blir parkeringsfrie?

Vidare arbeid, og kva for verkemiddel som skal brukast, er avhengig av å kva vi vil oppnå med parkeringsstrategien. Vi går inn i ei tid der fleire store prosjekt skal utviklast i sentrumsområda. Vi bør sjå på parkeringsbehovet og –tilbodet i sentrum samla. Eit tema som har vore nemnt i politiske fora er natt-/helgeparkering av store lastebilar, særleg på området ved Kleppeloen. Rådmannen vil arbeide vidare med denne problemstillinga i eigen prosess.

Prinsipp

Rådmannen meiner ein bør arbeida vidare med parkeringsstrategien ut frå følgjande prinsipp:

- Tilbod og behov for parkeringsplassar i sentrum bør vere nokonlunde i balanse.
- Parkeringsanlegg bør byggjast og nyttast med tanke på sambruk mellom ulike brukargrupper/funksjonar.
- Parkeringsplassane bør liggja i anlegg utanfor dei mest sentrale sentrumsområda.
- Det bør innførast eit prinsipp om maksimaltal på parkeringsplassar i nye bustadprosjekt.

Vedlegg:

- Nummerskiltregistrering 2018 – teljing av bilar i Kleppe sentrum – rapport
- Parkeringsvanar i Kleppe sentrum – spørjeundersøking - rapport

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Formannskapet ber rådmannen utarbeida parkeringsstrategi basert på prinsippa skissert i saksframlegget.

Rådmannen i Klepp 19.10.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.